

Ein aktiv 20-åring!

Det var 2. februar 1989 koret hadde si første samling, etter invitasjon frå nyttilsett kantor Jostein Molde. Nokså snart vart namnet Bremnes kantori fastsett. Av dei som den gongen stilte på startstreken, er mange framleis å finna i rekkjene. Nye er komne til undervegs, seinast dette koråret. Heile tida har medlemstalet lege rundt 40, med god stemmefordeling.

Frå første stund har det vore ei overordna oppgåve å gje gudstenesta eit rikare songleg uttrykk. Koret har delteke i gudstenestelivet jamnt og trutt, anten i samla tropp eller i grupper. Tilbakemeldingane har gjort oss overtydde om at dette er ei høgt verdsett teneste.

Utanom dette har Bremnes kantori til ei kvar tid arbeidd med prosjekt. Desse har alltid munna ut i framføringar av ulike typar program. Det har vore spennande og utfordrande å gå inn i nye landskap for å utvida horisonten. Den rike og varierte kyrkjemusikken har teke oss opp til mange høgdedrag. Dette har gjeve oss glede og energi, noko det vonleg også har gjeve til dei som har lytta i benkene. Händels "Messias", Vivaldis "Gloria", Bachs kantater og mange andre større verk har stått på programmet, det same har Dass, Sandell og Ellingsen sine songar og salmar gjort. Ved dei aller fleste slike høve har me samarbeidd med dugande solistar og musikarar, mange gonger også med andre kor. Ikkje så reint sjeldan har Bremnes kantori presentert seg utanfor Bømlo. Dette har vore like meningsfylt anten songen fekk lyde i Nysæter, i Nidarosdomen eller i Praha.

Ved denne 20- årsmarkeringa har me valt å sjå attende på det som er vorte framført gjennom åra. Me har sett saman og tørka støv av ein fargerik bukett, representativ for koret sin programprofil. Inkluderet i denne er verk av tre store komponistar som det i år vert markert fødsels- eller dødsår for.

Det er ei glede å ha med Bømlo strykeorkester, som sist haust feira 10-årsjubileum.

Takk til alle våre lyttarar og støttespelarar gjennom desse åra!

BREMNES  KANTORI
20
1989-2009



Bremnes kantori 20 år

Jubileums- konsert

i Bremnes kyrkje
Søndag 22.mars kl. 19.00

Dirigent: **Jostein Molde**

Gjester: **Bømlo strykeorkester**
Musikalske leiarar: **Margarita Popova og Dimtcho Ginev**

Arrangør

BREMNES  KANTORI
20
1989-2009

Program

Felix Mendelssohn Bartholdy (f. 1809):

Richte mich, Gott (Salme 43)

Odd Johan Overøye:

Velsigna er den mann (Jer. 17, 7-8)

Jostein Molde:

I opphavet (Joh. 1, utdr. Nicenum)

Antonio Vivaldi:

Konsert for fire fiolinar, h-moll

Allegro - Adagio - Allegro

Solistar:

Margrete Pettersen, Terese Hope, Lisa Marie Rolfsnes, Gunnhild Olsen.

Henry Purcell (f. 1659):

Sing unto the Lord/ Syng for Herren, syng
(Salme 96) (utdrag frå "Anthem")

Wolfgang A. Mozart:

Ave verum (trad. tekst)

Georg Fr. Händel (d. 1759):

For unto us a child is born
(Jes. 9, 6) (frå "Messias")

Georg Fr. Händel:

Passacaglia

Spiritual, arr. J. Halloran:

Witness

J. M. Black, arr. S. Tveit:

Da Jesus satte sjelen fri (Butler/ Barrat)

Folketone, arr. B. A. Drage:

Alterens sacramente (P. Dass)

Folketone, arr. B. Sløgedal:

Herre Jesus, gi meg nåde (ukjend forf.)

Spansk, arr. S. Tveit:

I den stilla aftonstund (L. Sandell)

Folketone, arr. E. Grieg:

I himmelen (L. Laurintii) (frå "Fire salmer")

Solist:

Karsten Nesse

Omsetjing av tysk, latinsk og engelsk tekst.

Richte mich, Gott.

Hjelp meg til min rett og før mi sak mot folk som ikkje viser miskunn! Fri meg, Gud, frå menneske som fer med svik og vondskap! For du er mitt vern, Gud. Kvifor har du støytt meg bort? Kvifor må eg gå og syrgja medan fienden plagar meg? Send ditt ljøs og di sanning, lat dei leia meg og føra meg til ditt heilage fjell, til dine bustader. Så kan eg gå til Herrens altar, til Gud, mi glede og min jubel, og syngja din pris til lyra, Herre, du min Gud.
Kvifor er du full av uro, mi sjel, og kvifor stormar det i meg? Vent på Gud! For endå ein gong skal eg takka han, min frelsar og min Gud. (Salme 43, 1-5)

Ave verum.

Heil deg, Herrens sanne lekam, fødd oss av Maria møy, du som for oss ville leva og for oss på krossen døy. Frå di side, gjennom-bora, flødde liv i vatn og blod. Ver du oss i dødens time sjelebrød og føde god.

For unto us a child is born.

For eit barn er oss født, ein son er oss gjeven. Herreveldet kviler på hans aksler, og han skal kallast: Underfull Rådgevar, Veldig Gud, Evig Far, Fredsfyrste (Jes. 9, 6)

Witness. (sterkt forkorta samandrag).

Kven vil vera eit vitne for Herren? Eg vil vera eit vitne for Herren. Mange kan/ har vitna for Herren (den søkjande Nikodemus, den sterke Samson). Sjela mi er eit vitne for Herren!